

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.09.2016**

**Solbjørg Marjala, R**, sette fram slikt forslag på vegner av R, MDG, V, FRP, H og SV:

«Det vert gitt tilslutnad til fylkesrådmannen sitt alternativ 0. I dette alternativet ligg dei vedtaka som vart gjort i handsaminga av skulestrukturen i 2012/2013, samt vedtak gjort i etterkant.

Alternativ 0 kan ikkje betraktast som eit fullstendig forslag og av denne grunn vil opposisjonen fram mot neste fylkesutvalsmøte, eventuelt fylkesting, gjere naudsynte justeringar, med ein tydelig distriktsprofil.»

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt forslag på vegner av A, KrF og Sp:

«Det er naudsynt med meir kunnskap for å kunne treffe ei viktig avgjerd kva angår skulane Fitjar VGS og Austheim VGS. Me vil derfor be fylkesrådmannen om å i større grad synleggjere konsekvensar og moglegheiter innafor den ramma som ligg i planen og tilbodet i Bømlo kommune.»

**Daniel Charles Hextall, SV**, sette fram slikt tillegg til Marjala sitt forslag:

«Partia ser viktigheita av ein økonomisk besparing, derfor bør bevaring av skular gjelde innafor dagens rammar.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen si innstilling fekk ingen røyster og fall.

Marjala sitt forslag, med Hextall sitt tillegg, vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 9 røster mot 6 røyster (A, Sp, KrF) for Hestad sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Det vert gitt tilslutnad til fylkesrådmannen sitt alternativ 0. I dette alternativet ligg dei vedtaka som vart gjort i handsaminga av skulestrukturen i 2012/2013, samt vedtak gjort i etterkant.

Alternativ 0 kan ikkje betraktast som eit fullstendig forslag og av denne grunn vil opposisjonen fram mot neste fylkesutvalsmøte, eventuelt fylkesting, gjere naudsynte justeringar, med ein tydelig distriktsprofil.

Partia ser viktigheita av ein økonomisk besparing, derfor bør bevaring av skular gjelde innafor dagens rammar.